

KYRKJEBLAD

B
PORTO BETALT
VED
INNLEVERINGSA
P
NORGE / NORGE

FULLDISTRIBUSJON
RETURADRESSE:
Vullum Design as
Pb. 122,6659 Rindal



for
INDRE NORDMØRE

Mars 2009

«Det var Gud som i Kristus forsona verda med seg -» 2. Kor 5,19

Nr. 2 - 69. årgang

Spor

Det er ikkje alle som når toppen, men vi set alle spor etter oss. Somme set viktige spor i samfunn og kyrkjeliv, i arbeid og forskning. Andre set gode og dyrebare spor i skule og heim og barnesinn. Det finst også vonde spor som ikkje er så lette å sletta.

Det var ein som sette berre gode spor, og som sette dei djupaste spor i verda, Jesus Kristus frå Nasaret i Galilea. Han kom for å sletta vonde spor hos menneska. Hans viktigaste spor går til Golgata. Dei spora blir aldri sletta ut, for dei er godkjende av Gud.



Foto: Edin Elgsæther.



Påskesalme

*Min Frelsar kjær på krossens tre
der du tek verdens synder med
du helgar tid med blodet ditt
som flyt til fred i livet mitt*

*Eg ser deg i di kongedrakt
med klungerkransens tornemakt
du er mitt skjold når piler skyt
mot brystet mitt der stormar bryt*

*Du går den tyngste veg på jord
i angstens time utan ord
din kjærleik lindrar mine sår
og siste reis mot himlen går*

*Å, for ein fryd i hjarterot
eg takkar deg med bøn og bot
din nåde ber meg over tind
så inkje vondt skal nå mitt sinn*

Eldrid Lausund, Tingvoll



ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrkjekontoret 71 29 39 00
 Telefaks 71 29 38 28
 E-post sokneprest: petter.dahle@
 gjemnes.kommune.no
 Biletet: Øre kyrkje

Ny messehaket

Til Øre kyrkje har vi no fått ein ny kvit messehaket, d.v.s. at det er ein messehaket for fest-tidene i kyrkjeåret – jula og tida frå påske til pinse. Slike tekstilar talar til oss gjennom syns-sansen og gjev ein eigen dimensjon til gudsteneste-feiringa og variasjonane i kyrkjeåret. Det er Laila Endresen i Ulsteinvik som har laga denne messehakelen, og vi har to til i bestilling hos henne. Vi reknar med å få begge to dette året – den fiolette trulege no i slutten av fastetida.

Påskerkonsert

Skjærtorsdag kan vi vere med på ein sjeldan konsert i Øre kyrkje. Festivalkvartetten frå Kristiansund framfører Haydns "Jesu syv ord på korset". Ole Dahl Rossbach framfører tekstar mellom kvar musikkavdeling. Sjå gudstenestelista. Omtale på sida til Sunndal.



Sokneprest Petter Dahle viser fram den nye messehakelen i Øre kyrkje.
 Foto: Gunnar Sødal.

Alterdukar

I Møre bispedøme er det i gang eit stort arbeid med å finne fram og kartlegge alterdukar. Då er ein interessert i å finne fram – ikkje berre dei dukane som er i bruk no, men også det som måtte finnast av eldre dukar som er lagt til side fordi dei ikkje er heilt intakt lenger. Vi har funne nokre gamle klenodium i våre kyrkjer også. Spesielt var det ein duk i Øre kyrkje – i fileringsteknikk og med eit sjeldan mønster – som vekte stor interesse.

Dei dukane vi brukar i kyrkjene no, er vakre og gode. Men dersom nokon har interesse for å vere med å sjå på og evt. setje i stand nokon av dei gamle, må ein gjerne ta kontakt med kyrkjekontoret. Alteret er sentralt plassert i kyrkja. Det er bordet som kyrkjelyden samlast ved til Herrens måltid. Og der ligg duken og fortel at bordet er dekket og alt er klart.



Møre bispedøme har gjort eit arbeid med å kartlegge alterdukar. Her er alterduken i Gjemnes kyrkje. Foto: PD.



Fasteaksjonen

blir gjennomført i Gjemnes og Øre på den faste innsamlingsdagen for heile landet – tirsdag 31.mars. Både konfirmantar og andre kjem som bøsseberarar. Her er Sara, Mariann og Sander klare til innsats. Foto:PD.

«Enten man var rik, fattig, synder eller frelst, trengte man å omfavne Kristus nettopp fordi man hadde synder å vaske vekk, fordi man var menneske og trengte en alliert på den vanskelige reisen, en som kunne jevne ut tinder og daler og rette ut alle de krokete stiene» USAs president Barack Obama.

«Gud er en Gud som lar seg spotte og korsfeste. Det viser at han stiller seg solidarisk med verdens elendige og står de stolte imot. Jeg tror på evangeliet om frelse for syndere og da også for meg – det er vel det innerste.»

Bjørn Wegge, generalsekretær i Norsk Misjon i Øst.



Den gamle duken i Øre kyrkje - i fileringsteknikk og med eit sjeldan mønster – vekte stor interesse. Foto: PD.

Kyrkjeval

Den norske kyrkja får 73 mill til å gjennomføra det kyrkjelege valet hausten 2009. - 23 mill skal gå til å senda ut valkort. Dersom ein meiner seg feiloppført som medlem, kan ein returnere valkortet og bli strøke frå registeret.



TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03
Telefaks 71 53 12 40
E-post: post@kirken.tingvoll.no
Biletet: Straumsnes kyrkje

Vidunderplanten

Jatrophaplanten er uspiseleg, men kan likevel gjere underverker: Den kan både redusere klimaendringane og sørje for at John (17) får gå på skulen.

I 2009 set Kirkens Nødhjelps fasteaksjon "SOS frå sør" fokus på korleis fattige menneske blir råka av klimaendringane.

Ein av dei som vonar på stort engasjement i norske kyrkjelydar er John frå Lamu-distriktet i Kenya:

- Neste veke blir eg kanskje kasta ut av skulen. Familien min er fattig og har ikkje råd til å betale skuleavgifta, fortel han.

No håper han at vidunderplanten jatropa skal sikre skulegangen.



Jatrophaplanten produserar nøtter som inneheld opptil 40 prosent olje som er egna til drivstoff både i bilar og i kraftverk.

Rammes av klimaendringane

Klimaet i Kenya er tørt, og mange stader er jorda lite fruktbar. Klimaendringane har forverra situasjonen for fattige menneske som slit med å skaffe nok mat når regnet uteblir.

- Med dei endringane i klimaet vi merkjer i Kenya no, vert jordbruk svært vanskeleg å leve av. Folk har ingenting å ete og ingenting å selje. Det vil stoppe utviklinga i Kenya og gjere oss endå fattigare. Det går hardast ut over dei som ikkje har utdanning, seier John.

Johns bestemor, Peris (66), driv ein liten gard for å forsørgje åtte barn som ho har påtatt seg ansvaret for. Tidlegare vart garden til bestemor Peris åtskilt frå den ville skogen like i nærleiken av ein stor innsjø.

- No har innsjøen nesten tørka heilt inn, og vi får stadig besøk av elefantar, bøflar, sebraer og flodhestar. Dei et opp avlingane våre. Og så er dei ganske skumle, synes John.

Håp i eit nøtteskal

Johns littlebror, Fred, måtte slutte midlertidig på skulen. No fryktar John at det same kan skje med han.

- Dersom eg må slutte på skulen, er eg redd for at eg ender opp like fattig som familien min. I verste fall kan eg hamne på gata. Men eg håper å utdanne meg innan jordbruk, business og matte, seier John. Blikket hans er alvorleg, men den unge guten har håp. Dette håpet finn han i dei små nøttene frå jatrophaplanten.

Gjennom eit av Kirkens Nødhjelps klimaprojekt i Kenya har Johns bestemor fått støtte til å dyrke jatrophaplanten.

- Familien min jobbar hardt for å dyrke jatrophaplanten slik at vi kan tene pengar og betale rekninga frå skulen, seier syttenåringen.

Miljøvenleg energi

Jatrophaplanten tåler tørke og veks godt sjølv i næringsfattig jord, der vanlege matplantar ikkje kan gro. Oljen frå nøttene er ubrukeleg til matlaging, men dei siste åra har ein oppdaga at den fungerer ypparleg til miljøvenleg drivstoffproduksjon. Energi er ein viktig nøkkel til utvikling i samfunnet, og jatrophaplanten kan bidra til å forsyne Lamu-distriktet med fornybar energi.

- Jatrophaplanten er viktig for oss. Bestemor håper at vi barnebarn kan bli rike av dette ein dag, seier John.


Gjennom å støtte Kirkens Nødhjelps fasteaksjon, kan du hjelpe menneske så dei kan stå sterkare når tørkeperiodane kjem stadig hyppigere.

Kilde: Kirkens Nødhjelp



Salmekveld

25. mars kl.19.30 i Tingvoll kyrkje. Framhald av gjennomgangen av det nye salmebokforslaget der ein går gjennom andre halvdel. På første songkveld møtte mange interesserte og songglade folk for å bla og kosa seg gjennom første halvdel. Interesserte fekk låna boka og får koma med tilbakemeldingar. Det blir pause med ei skive å bita i.



Kyrjekonsert i Tingvoll kyrkje på søndag 5. april kl. 20. På klaver Dag Heggset som har drive med religiøs musikk heile sitt liv og er kjent gjennom TV-program. Han har med ei musikkgruppe.



Tingvoll kyrkjekor er som vanleg aktivt med ved gudstenesta Maria bodskapsdag og 1. påskedag.

Kulturveka i Tingvoll 2.-9. mai har to kyrkjekonsertar:

* Kyrjekonsert i Straumsnes kyrkje 3. mai kl. 20 - ved Straumsnes Songlag og Lone Eines.

* Avslutningskonsert i Tingvoll kyrkje 9. mai kl.17 - der Tingvoll kyrkjekor presenterer songstoff av den svenske komponisten Georg Riedel, med Trygve Brøske som akkompagnatør.

- Neste veke blir eg kanskje kasta ut av skulen. Familien min er fattig og har ikkje råd til å betale skuleavgifta, fortel John frå Kenya.



SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11
 Telefaks 71 69 25 44
 E-post: ekspedisjon@sunndal-kirke.no
 Bildet: Middelaldarkrusifiks, Romfo kyrkje

Pasjonsmusikk av Haydn:

Jesu Sju Ord på Korset

I minneåret for Joseph Haydn (1732-1809) blir hans pasjonsmusikk "Jesu Kristi Sju Ord på Korset" framført skjærtorsdag i Øre kyrkje (kl. 17) og Hov kyrkje (kl. 20) - og langfredag i Frei kyrkje. Festivalkvartetten frå Kristiansund spelar, og Ole Dahl Rossbach deklamerer teksten.

Verket byggjer på eit dikt av Karl Ramler, bygd over dei sju setningane Jesus skal ha tala på korset: - Far, forlat dei, for dei veit ikkje kva dei gjer! - Sanneleg, i dag skal du få vera med meg i Paradis! - Kvinne, der er din son! (Johannes). - Min Gud, kvifor har du forlate meg? - Eg tørstar! - Det er fullført! - Fader, i dine hender gjev eg mi ånd!

Haydn utmålar dramaet på Golgata i sterke og vakre strykarparti – skiftande frå smerte og utrop til trøyst og fred. Framføringane i Surnadal, Tingvoll og Kristiansund i fjor var ei gripande oppleving for dei mange framømte.

Verket finst opprinneleg i 3 versjonar – for strykekvartett, for strykeorkester og for kor. Ved deklamasjon mellom kvartettsatsane har vi no ein fjerde versjon – som tek vare på samanhengen mellom tekstene og tonane. Og som komponisten skreiv etter ei framføring i 1801: - Mottakelsen får meg til å håpe at det også vidare ikke vil være uten virkning på tilhørerne!

Bernt Bøe



2009 er minneår for "Fader Haydn".

Hov kirke: nytt skinn

Etter at banken ga nye brudestoler til kirka, har det skjedd flere ting som oppfølging av dette. Først ble de gamle brudestolene pusset opp så de er helt i stil med de nye. Også dette var en gave fra Sunndal sparebank. Og for ytterligere å skape helhet i interiøret i koret, er nå alterringen og kneleskammelen blitt trukket med skinn av samme type som på stolene. Det er en type hud med rødt skjær som ofte sees på såkalte "Chesterfield"-møbler. Det er Gunnhild Bakk som har påtatt seg alle disse oppgavene. Og den siste kostnaden er det Hov menighetsråd som har tatt. Sammen kan vi glede oss over en vesentlig oppgradering av interiøret i Hov kirke.



Alterringen trekkes med nytt skinn.



Gunnhild Bakk har laget de nye stolene og pusset opp de gamle.

«Det primære med kirkekunsten er å forkynne og undervise. Særlig viktig var dette den gang lese- og skrivekunsten var forbeholdt de få.» Bjørn Hovde, sokneprest i Nesset, til Tidens Krav.

Petter Dass-prisen

Petter Dass-prisen blir utdelt som en anerkjennelse til en person eller organisasjon som har bidratt til å forene folkeliv og tro på Gud og til å sette den kristne tro på dagsorden i vårt samfunn, på en jordnær og folkelig måte. Prisen har vært utdelt hvert år siden 1995, altså 13 ganger. I 2007 gikk prisen til Edvard Hoem for boka «Mors og fars historie».

Prisen for 2008 gikk til Kronprinsesse Mette-Marit for salmeplata «Sorgen og gleden». Fra før har kronprinsessen fått gullplate for salmeplata. På coverheftet formidler Mette-Marit sine tanker rundt hver salme. Om favorittsalmen «Ingen vinner frem til den evige ro» skriver hun at den «bringer fram noen av kristendommens mange paradokser. Vi må kjempe alvorlig og trenge oss fram, men vi får alt av bare nåde. Det fine med denne teksten er at den maner oss til å gi alt for å finne kjernen, det egentlige.»



Kommentaren

Tak vare på - - - skatten

"Tak vare på den fagre skatten som er tiltrudd deg, ved Den Heilage Ande som bur i oss!"

Det er Paulus som kjem med denne sterke oppmodinga til sin unge ven og medarbeidar Timoteus (2.Tim.1.14).

Da Paulus, etter opprøret mot seg og dei kristne i Efesus (i år 55), måtte reise derifrå, sette han igjen Timoteus i byen med ansvar for kyrkjelyden der. Han skulle "strida den gode striden" og "formana visse folk til ikkje å fara med framand lære." (1.Tim. 1,3)

Ei krevjande oppgåve for ein ung forstandar i ein ung kristen kyrkjelyd i storbyen Efesus, der heidenskap og umoral florerte. Det ligg Paulus på hjarta å rettleie og oppmuntre Timoteus i den oppgåva han er tiltrudd: "Timoteus, tak vare på det som er overgjeve til deg - - -" (1.Tim. 6,20) "Hald bodet reint og ulastande til vår Herre Kristi openberning!" (1.Tim. 6,14).

No sit Paulus i fangenskap i Rom (år 64) og ventar på keisarens dom. Og omsorga for Timoteus, for kyrkjelydane og dei kristne skin sterkt gjennom i det han skriv:

Timoteus! Ta vare på den fagre skatten som er tiltrudd deg: Evangeliet, læra, kyrkjelyden!

Vi har òg ein fager skatt å ta vare på! I vår tid - i vår kyrkje - i vårt land: Eit tusenår med kristentru og kristenliv! Ein kristenarv som er overgjeven til oss!

"Du sende ditt Ord til Noregs fjell - og ljøs over landet strøymde" syng vi i fedrelandssalmen.

Dette er skatten og arven som utfordrar og forpliktar. Ein skatt og ein arv vi ikkje skal blyggast eller skjemmast over i møte med krefter som vil forkludre og bryte den ned anten det er i samfunnet - eller innad i kyrkja.

GODE SPOR

Med frimod, glede og takk skal vi peika på dei gode spora denne skatten har sett etter seg i vår historie:

- I lovgjeving frå Heilag Olavs kristenrett og Gulatingsloven framover mot vår tid.
- I ekteskap og heimeliv etter Guds gode skaparordning med mor, far og born.
- I folkeliv som avspeglar respekt for men-

neskeverd og nestekjærleik.

- I skule med sterke røter i kristentru og kyrkje.

- I kunst og kulturliv som stadfestar kristenarven.

- I eit samfunn merka av kristen etikk og kristne verdiar.

Arne Grimstad seier det slik i diktet "Olavstanken":

Han såg det ikkje

- Olav sjølv.

Men han som kom,

Skapte eit

misjonsfolk

- av vikingar

Oppmodinga til Timoteus må bli ei manande oppmoding til oss i dag:

Ta vare på den fagre skatten som er tiltrudd oss!

Ta vare på Evangeliet: Einaste rettesnor for tru, lære og liv!

Ta vare på læra!

Ta vare på kyrkjelyd og kristensamfunn!

Agnis Reiten

Kyrkjeval 2009

Kven kan velje?

Røysterett ved valet har kvart medlem av Den norske kyrkja som bur i soknet og som seinast det året det vert røysta vil ha fylt 15 år.

Kven kan veljast?

Valfør til soknerådet og pliktig til å ta imot val er alle som har rett til å røysta ved valet og som seinast i det året det vert røysta vil ha fylt 18 år. Rett til å krevja seg friteken for val har den som har fylt 65 år før valperioden tek til, den som har gjort teneste som medlem av soknerådet dei siste 4 åra, og den som viser til hindring som soknerådet godkjenner.

Kandidatlistar til soknerådval

Soknerådet (eller ein nominasjonskomite) set opp kandidatliste til valet. Fleire lister kan leverast inn, underskrivne av 10 medlemmar av kyrkja. Nærare opplysningar om formelle krav til listene får du på kyrkjekontoret eller på www.kirken.no/valg.

Ikkje heime på valdagen?

Du kan røyste på førehand, ein månad før valet. Tid og stad for dette vert kunngjort. Ein kan og røyste der ein er førebels busett, veljaren må sjølv sørje for å få tilsendt godkjend røystesetel frå det soknet der vedkommande er busett. Slik røysting må skje innan 4. september.

Valkort

Det vert sendt ut valkort til alle som har røysterett seinast 10. august. Om du ikkje får valkort, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret.

Val av medlemmar til bispedømeråd

Ved kyrkjevalet 2009 skal det veljast både sokneråd og medlemmar til bispedømeråd/kyrkjemøte.

Supplerande nominasjon

Etter at nominasjonskomiteen har lagt fram si liste, er det frist til 15. juni til å fremje alternative kandidatar ved supplerande nominasjon. Det må vere minst 50 forslagsstillarar frå minst tre ulike sokn.

Preferanseval

Val av medlemmar til bispedømerådet skjer ved preferanseval. Når ein stemmer, kryssar ein av på kven ein har som førsteval, andreval, tredjeval osv. Ved opteljinga kan verjarens andre- eller tredjeval osv. få innverknad om den kandidaten veljaren hadde som førsteval ikkje får nok stemmer. Inntil 5 kandidatar kan rangerast. Minst ein kandidat må vere rangert på stemmesetelen.

Stemmesetel utan markering vert forkasta.



"Du er du og du duger"

Kven skal du røysta på? Kanskje er svaret "deg sjølv"! Eit verv i soknerådet gjev deg høve til å støtta den viktige hjørnesteinen akkurat di kyrkje er. Gjennom å sitja i soknerådet er du med og formar kyrkja sitt viktige arbeid og posisjon på heimstaden din. Viss du har bestemte meiningar om korleis akkurat kyrkja di skal arbeida, er det vel investert tid å delta i soknerådet.

Neste nummer kjem ca. 10. juni. Frist for innsending av stoff er 10. mai.

Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

28. mars – laurdag

Hov kirke "Sacred Concert" med WOK og Storbandet.
(Se avisene)

29. mars - 5. s. i faste

Preiketekst: 1 Mos 22,1-13

Halsa Ingen gudstjeneste.
Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Blomstrøm.
Takkoffer til menighetsarbeidet.
Stangvik Inga gudstjeneste.

Ålvundfjord (Furulia bedehus) Laskerud. Takkoffer.
kl. 11:00 Storset. Nattverd.
Hov kirke kl. 11:00 Gudstenesteleg møte, NMS.
Kyrkjelydshuset Skei Konsert.
kl. 11:00 Gudsteneste.
Øye kyrkje kl. 19:30 Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til barneforeninga
Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Våren. Menighetens årsmøte. Kirkekaffi.
Gjemnes kyrkje kl. 11:00

2. april - torsdag

Øye kyrkje kl. 10:00 Morgonsong. 4. trinn v/Øye skule. Hvam.

5. april - Palmesøndag

Preiketekst: Joh 12,1-13

Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest
Blomstrøm. Takkoffer.
Rindal eldresenter kl. 11:00 Gudstjeneste. Nattverd. Bjørndal.
Stangvik kyrkje kl. 19:30 Påskesongmesse. Nattverd. Bernt Venås, Sigfred og
Karen Oddny Gravvold.
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.
Hov kirke kl. 11:00 Boye. Takkoffer.
Øksendal kyrkje kl. 20:00 Boye. Påskesanggudstjeneste med Øksendal
songlag.
Mo kyrkje kl. 11:00 Familiegudstjeneste. 4-årsbok. Hvam. Takkoffer til
Søndagsskulen i Mo.
Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Nattverd. Takkoffer til Åpne Dører.
Osmarka kapell kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Gerd Anne Aarset.
Takkoffer til Norsk Lærarakademi.

9. april - Skjærtorsdag

Preiketekst: Matt 26,17-29

Valsøyfjord kirke kl. 19:00 Måltidsgudstjeneste med nattverd ved sokneprest
Blomstrøm. Takkoffer.
Rindal kirke kl. 19:30 Kveldsmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til
KRIK. Kveldsmat.
Todalen kyrkje kl. 19:30 Kveldsmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til
Kirkens Nødhjelp.
Helsetunet kl. 10:00? Boye. Nattverd.
Hov kirke kl. 20:00 "Jesu 7 ord på korset" av Joseph Haydn. Kollekt.
Gjøra kapell Storset. Nattverd. (Sjå avisa).
Ålvundeid kyrkje kl. 20:00 Laskerud. Nattverd.
Surnadal sjukeheim kl. 11:30 Nattverdsgudstjeneste. Hvam.
Ranes kyrkje kl. 19:30 Nattverdsgudstjeneste. Hvam.
Takkoffer til Misjon i Møre.
Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Nattverd.
Silsetfjellet kl. 12:30 Påskeandakt. Dahle.
Øre kyrkje kl. 17:00 Konsert. Joseph Haydn: Jesu syv ord på korset.
Kristiansund festivalkvartett og Ole Dahl Rossbach.

10. april - Langfredag

Preiketekst: Matt 26,30-27,50

Halsa kirke kl. 11:00 Langfredagsgudstjeneste ved sokneprest
Blomstrøm. Takkoffer.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Langfredagsgudstjeneste. Bjørndal.
Åsskard kyrkje kl. 19:30 Påskesongmesse. Åsskard kyrkjekor. Venås.
Hov kirke kl. 11:00 Storset. Nattverd.
Øye kyrkje kl. 11:00 Langfredagsgudstjeneste. Hvam.
Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Langfredagsgudstjeneste.
Gjemnes kirke kl. 11:00 Pasjonsgudstjeneste. Dahle.

11. april - Påskeaftan

Preiketekst: Mark 16,1-8

Øvre Rindal kapell kl. 22:00 Påskennattsgudstjeneste. Hvam/Bjørndal.

12. april - Påskedag

Preiketekst: Matt 28,1-8

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Høytidsgudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.
Takkoffer.
Rindal kirke kl. 11:00 Høytidsgudstjeneste. Bjørndal.
Takkoffer til Normisjon.
Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudstjeneste. Venås. Takkoffer til NMS.
Hov kirke kl. 11:00 Storset. Takkoffer. Høytidsgudstjeneste.
Romfo kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer. Høgtidsgudstjeneste.
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Høgtidsgudstjeneste.
Øye kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudstjeneste. Hvam.
Takkoffer til Kirkens Bymisjon, Trondheim.
Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd.
Øre kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudstjeneste. Dahle. Blåsegruppe.
Takkoffer til Møre i misjon.

13. april - Andre påskedag

Preiketekst: Luk 24,13-35

Halsa Ingen gudstjeneste.
Haugligardane kl. 12:00 Friluftsgudstjeneste. Venås. Todalskoret deltek.
Takkoffer til Misjonsselskapet.
Kyrkjelydshuset Skei Gudstenesteleg møte, NLM.
kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd.
Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
Gjemnes kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til
Misjonsprosjektet. Kirkekaffi.

19. april - 1. s. e. påske

Preiketekst: Joh 20,19-31

Halsa Ingen gudstjeneste.
Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal.
Takkoffer til menighetsarbeidet.
Stangvik Inga gudstjeneste.
Grøa bedehus kl. 11:00 Storset. Kirkekaffe.
Øksendal kyrkje kl. 11:00 Vikar / NMS.
Hov kirke kl. 19:00 Laskerud. Samtale med konfirmantene.
Ranes kyrkje kl. 11:00 Familiegudstjeneste. 4-årsbok. Hvam.
Takkoffer til trusopplæringsprosjektet.
Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Takkoffer til IKO - Kirkelig pedagogisk senter.
Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Høgtun folkehøgskole
deltek. Song av GYGS. Takkoffer til Høgtun.

26. april - 2. s. e. påske

Preiketekst: Joh 10,11-16

Saltrø grendahus kl. 11:00 Familiegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm.
Takkoffer.
Rindal kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til
Norsk Søndagsskoleforbund.
Stangvik kyrkje kl. 19:30 Kveldsmesse. Nattverd. Venås. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.
Gjøra kapell kl. 11:00 Storset. Takkoffer. Samtale med konfirmantane.
Årsmøte. Kyrkjekaffe.
Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Takkoffer. Samtale med konfirmantane.
Hov kirke kl. 19:00 Laskerud og Boye. Samtale med konfirmantane.
Kyrkjelydshuset Skei Gudstenesteleg møte, NLM.
kl. 11:00 Inga gudstjeneste.
Tingvoll Gudstjeneste. Dahle. Takkoffer til Menneskeverd.
Angvik bedehus kl. 11:00

Øre kyrkje kl. 19:30 Samtalegudsteneste. Konfirmantane deltek.

30. april - torsdag

Øye kyrkje kl. 19:00 Samtalegudsteneste. Hvam.

1. mai – fredag

Preiketekst: Luk 6,36-38

Øvre Rindal kapell kl. 12:30 Gudstjeneste. Blomstrøm.
Takkoffer til Amnesty International.

Hov kirke kl. 11:00 Storset. Takkoffer.

Øye kyrkje kl. 12:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til

Kristne Arbeideres Forbund.
Gudsteneste.

Tingvoll kyrkje kl. 11:00

3. mai - 3. s. e. påske

Preiketekst: Joh 16,16-22

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med felles overhøring for
konfirmantane i Halså og Valsøyfjord ved
sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.

Rindal kirke kl. 19:30 Kveldsgudstjeneste. Einy Rendal Elgsæther.

Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Kirkens SOS.

Hov kirke kl. 10:00 Storset og Laskerud. Konfirmasjon. Takkoffer.

Hov kirke kl. 12:00 Storset og Laskerud. Konfirmasjon. Takkoffer.

Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye. Takkoffer. Konfirmasjon.

Øye kyrkje kl. 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste. Hvam.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Konfirmasjonsgudsteneste. Hvam.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Nattverd.

Gjemnes kirke kl. 11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste. Dahle.

Takkoffer til Menighetsarbeidet.

10. mai - 4. s. e. påske

Preiketekst: Joh 16,5-15

Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest
Blomstrøm. Takkoffer.

Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til

Kristent Pedagogisk Forbund.

Åsskard kyrkje kl. 19:30 Ungdomsgudsteneste. Venås. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet.

Hov kirke kl. 11:00 Storset og Boye. Takkoffer. Konfirmasjon.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Takkoffer. Konfirmasjon.

Hov kirke kl. 20:00 Konsert: "Sildring"

Ranes kyrkje kl. 10:30 Konfirmasjonsgudsteneste. Hvam. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Ranes kyrkje kl. 12:30 Konfirmasjonsgudsteneste. Hvam. Takkoffer til
kyrkjelydsarbeidet.

Tingvoll Inga gudsteneste.

Osmarka kapell kl. 11:00 Gudsteneste. Dahle. Takkoffer til Barnespelkoret.

17. mai - 5. s. e. påske

Preiketekst: Luk 1,50-53

Halså sjukeheim kl. 10:00 Gudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.

Rindal kirke kl. 10:30? Familiegudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til
menighetsarbeidet.

Øvre Rindal kapell kl. 12:30? Familiegudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til
menighetsarbeidet.

Stangvik kyrkje kl. 10:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Redd Barna.

Åsskard kyrkje kl. 12:00 Gudsteneste. Blomstrøm. Takkoffer til Redd Barna.

Todalen kyrkje kl. 14:00 Gudsteneste. Venås. Takkoffer til Redd Barna.

Hov kirke kl. 11:00 Storset.

Øksendal kyrkje kl. 11:00 Boye.

Ålvundeid kyrkje kl. 12:00 Laskerud. Takkoffer.

Gjøra kapell kl. 12:30 Storset. Takkoffer.

Mo kyrkje Gudstenesta utgår grunna reparasjonsarbeid.

Øye kyrkje kl. 12:00 Gudsteneste. Hvam. Takkoffer til Amnesty

International.

Tingvoll kyrkje kl. 10:30 Gudsteneste.

Straumsnes kyrkje kl. 12:00 Takkoffer til Bunda menighet, Musoma Tanzania.

Øre kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Dahle. Batnfjord musikklag.

Takkoffer til Kirkens nødhjelp.

Gjemnes kirke kl. 13:00 Gudstjeneste. Dahle.

Takkoffer til menighetsarbeidet.

21. mai - Helgetorsdag

Preiketekst: Luk 24,46-53

Halså

Rindal kirke kl. 19:30

Ingen gudstjeneste.

Samtalegudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til

Misjonsprosjektet. NMS.

Åsskard kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Venås. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet.

Romfo kyrkje kl. 11:00 Storset. Nattverd.

Mo kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Hvam. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet.

Tingvoll Inga gudsteneste.

Øre kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Dahle. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet.

24. mai - 6. s. e. påske

Preiketekst: Joh 15,26-16,4a

Halså kirke kl. 11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste ved sokneprest

Blomstrøm. Takkoffer.

Rindal kirke kl. 11:00 Konfirmasjonsgudstjeneste. Bjørndal.

Takkoffer til menighetsarbeidet.

Todalen kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Venås.

Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.

Hov kirke kl. 11:00 Storset og Boye. Takkoffer. Konfirmasjon.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Takkoffer. Konfirmasjon.

Øye kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Hvam.

Takkoffer til Frelsesarmeen.

Tingvoll kyrkje kl. 10:30 Konfirmasjon.

Tingvoll kyrkje kl. 12:30 Konfirmasjon.

Øre kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste. Dahle.

Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

31. mai - Pinsedag

Preiketekst: Joh 14,23-29

Halså kirke kl. 11:00

Høytidsgudstjeneste med nattverd ved sokneprest

Blomstrøm. Takkoffer.

Stangvik kyrkje kl. 11:00 Høgtidsgudsteneste. Venås/Bjørndal. Takkoffer til

Misjonsprosjektet i Etiopia.

Hov kirke kl. 11:00 Boye. Takkoffer.

Romfo kyrkje kl. 11:00 Storset. Takkoffer. Konfirmasjon.

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Konfirmasjon. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i

Gjemnes kirke kl. 11:00 Straumsnes.

Høytidsgudstjeneste. Dahle. Takkoffer til

Møre i misjon. Kirkekaffi.

1. juni - Andre pinsedag

Preiketekst: Joh 3,16-21

Stangvik kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste. Venås. Takkoffer til

kyrkjelydsarbeidet.

Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Boye. Nattverd. Høgtidsgudsteneste.

Hafsås skule kl. 12:00 Storset. (Ta med kaffe.)

Kyrkjelydsdhuset Skei

kl. 11:00 Gudstenestleg møte, NLM.

Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Nattverd.

Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Dahle. Takkoffer til KRIK.

7. juni - Treiningssøndag

Preiketekst: Joh 3,1-15

Halså

Rindal kirke kl. 11:00

Ingen gudstjeneste.

Høymesse. Nattverd. Bjørndal.

Avskjedsgudstjeneste. Kirkekoret deltar.

Takkoffer til Skarheim. Kirkekaffe.

Stangvik Inga gudsteneste.

Hov kirke kl. 11:00 Laskerud. Nattverd.

Ranes kyrkje kl. 11:00 Gudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet,

Beghi. (Kan bli avlyst. Sjå avisene.)

Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Gerd Anne Aarset. Takkoffer til Norsk

Søndagsskoleforbund, Nordmøre.

Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Gerd Anne Aarset.

Ikorneset kl. 12:00 Familiegudstjeneste. Dahle. 6 og 7-åringene

spesielt invitert.

SOS frå sør

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon i 2009 set fokus på fattige menneske i møte med klimaendringane. Klimaaksjonen "SOS frå sør", tek på alvor at fattige menneske sender ut naudrop om meir tørke, flaum og ekstreme vêrforhold. Tysdag 31. mars vil bøsseberarar gå frå dør til dør og samle inn pengar til ofra for klimaendringane.

- Flaumen i fjor var den største eg kan hugse. Vannet steig her på øya og folk sat på taka og ropte på hjelp. Viss naturkatastrofane blir fleire og sterkare, vil det råke oss hardt, seier Asha frå Bangladesh, ein av mange som ropar SOS, og ber oss ta klimatrugselen på alvor. Medan vi i den rike delen av verda kan førebyggje og forsikre mot naturens øydeleggingar, står menneske i fattige land i fare for å miste alt når katastrofen råkar. Difor går pengane frå fasteaksjonen i år

blant anna til å gjere fattige i stand til å møte meir ekstremt ver. I flaumutsette område som Bangladesh inneber det blant anna treplanting, som hindrar at verdifull jord blir vaska bort når flaumen råkar. Dessutan blir hus sikra mot flaum og det blir sett i gang lokale krisegrupper som har ansvar for flaumvarsling og bergingsarbeid når katastrofen skjer. I Kenya som blir råka av hyppigare tørke, støttar Kirkens Nødhjelp prosjekt som samlar og lagrar regnvatn til tørre periodar. Dessutan dyrkar dei planta jatropa, som trivst i tørre område og som gir biodrivstoff, velegna til straumaggregat og bilar. Klimaendringar er tvinga stadig høgare opp på dagsorden i den vestlege del av verda, og Kirkens Nødhjelp ynskjer å markere at klimaendringar er et rettferdspørsmål. Vi som bur i den rike delen av verda bidreg mest til endringane i klimaet og har derfor eit særleg ansvar for å lytte til SOS-ropa frå fattige menneske.



Ta derfor godt i mot bøsseberarane når dei bankar på døra di! Du kan og støtte aksjonen gjennom givartelefon: 820 44 088 (175 kroner) eller via kontonummer 1594 22 87493.

DØYPTE — VIGDE — DØDE

Døypete

HALSA

11.01 Wilma Natalie Betten
25.01 Hannah Mørkedal Stivold
25.01 Eléah Helgå Beckstrøm

RINDAL

18.01 Nicolai Bolme
18.01 Tuva Melgård Tørset
01.02 Sol Angelica Sande Aune
01.02 Evan Ouma Rønningsbakk
22.02 Bjørn Erik Bolme
22.02 Ellinor Sørrebo Børset

STANGVIK

08.02 Mia Vaseng Hansen
08.02 Trym Hansen

ÅSSKARD

15.02 Marius Vullum
15.02 Ole Jørgen Svensli
15.02 Eirin Aasgård

HOV

01.02 Henrik Fevelen
01.02 Tore Dahl Hauglum
22.02 Sigve Veбенstad

ØYE

18.01 Mathias Berset
08.02 Andrine Kvernberg Bævre

RANES

25.01 Vilde Moe
22.02 Marianne Svendsen Fiske
22.02 Brage Våbenø

STRAUMSNES

15.02 John Benjamin Kvisvik Kvande
15.02 Isak Aase Fevåg

TINGVOLL

08.02 Martin Husby Øvstedal
08.02 Julie Birkestøl-Larsen
08.02 Kevin Guimaraes Portela Bach

ØRE

18.01 Vetle Gagnat

18.01 Eah Sofie Ølander Sørvik

25.01 Isabell Myklebost,
døypet i Osmarka kapell
01.02 Frida Harstad Fostervoll
15.02 Ingvill Margrethe Sørli
21.02 Elijah Solskjær,
døypet i Angvik bedehus

Vigde

STANGVIK

24.01 Nils Jøran Stenberg
og Mona Kvande

TINGVOLL

14.02 Marit Gravem og Rune Stølen

Døde

HALSA

05.02 Karen Rabben f. 1916
VALSØYFJORD
05.02 Einar Botten f. 1927
RINDAL

18.01 Oddmund Børset f. 1928
21.01 Asbjørn Thorstensen f. 1931
26.01 Ketil Tiset f. 1980
30.01 Marit Bjørnås f. 1916
03.02 Olaug Storløyken f. 1918
11.02 Klara Svorkås f. 1924
13.02 Karen Drugli f. 1915

STANGVIK

13.01 Johanna Gudmanda
Skarvøy f. 1916
04.02 Hjørdis Nordvik f. 1924
25.02 Lovise Halle f. 1912

ÅSSKARD

27.02 Johan Holtan f. 1931

ROMFO

01.02 Eilif Hallan f. 1955

HOV

15.01 Palma Rise f. 1913

24.01 Knut Johan Falch f. 1928

31.01 Ingveig Johanne
Meisingset f. 1929

ÅLVUNDEID

18.02 Kåre Marvin Møssing f. 1922

ØYE

26.01 Oddlaug Sæter f. 1930
29.01 Marie Øie f. 1914
29.01 Peggy Jensine Svensli f. 1918
12.02 Mali Lervik f. 1922
23.02 Helga Johanne Honnstad f. 1924
26.02 Johannes Sæter f. 1926

RANES

19.01 Lucie Aasbø f. 1923
24.01 Nils K. Sæter f. 1915
24.02 Ruth Hagen f. 1915
24.02 Marit Øyen Sæter f. 1922
25.02 Sigrid Kristine Roaldset f. 1937
27.02 Magnhild Tjelle f. 1912
01.03 Asbjørg Hagen f. 1931

MO

06.01 Ingrid Dalsegg f. 1919
06.02 Dagny Røv f. 1950

STRAUMSNES

08.01 Karstein Karlsen f. 1924
29.01 Einar Finnvik f. 1927
30.01 Anton Torvald Vatten f. 1922
05.02 Anne L. Ulset f. 1913
12.02 Jon Kamsvåg f. 1926
16.02 Gudmund Betten f. 1925

TINGVOLL

15.01 Arne Kallset f. 1928
28.01 Magnar Røskarhaug f. 1930
31.01 Gunnar Båtnes f. 1933
04.02 Betzy Holmeide f. 1919
04.02 Ivar Olav Aasprang f. 1951
09.02 Gunda Beate Stølan f. 1924
11.02 Ola Ormsettrø f. 1929

ØRE

14.02 Ola Mikal Olsen f. 1945
22.02 Gunvor Margrete Harstad f. 1920



HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38
 Kirkekontoret 71 55 96 39
 E-post kirkeverge:
 kirkeverge@halsa.kommune.no
 Bildet: Halså kirke

Latter og farger

Fastelavenssøndag i fjor var det karnevals-gudstjeneste i Valsøyfjord kirke for første gang. I år var det Halså tur. Karnevals-gudstjenesta har kommet inn på initiativ fra Kirkens Nødhjelp og kjennes nok litt uvant ennå. Vi veit ikke helt hvordan vi skal bruke den. Samtidig kjentes det veldig godt å få oppleve smilene, fantasien og fargene som prega disse gudstjenestene.

Carl Petter Opsahl, prest og musiker, holdt radioandaktene i uka etter fastelavenssøndag. På feitetirsdag sa han blant annet:

Det står mye om opptog, livlig musikk og dans i Bibelen, ikke minst i Salmenes bok. I Salme 150 hører vi:

“Lov ham til gjallende horn, lov ham med harpe og lyre, lov ham med pauke og dans, lov ham med strengespill og fløyte, lov ham med tonende cymbler, lov ham med klingende cymbler. Alt som har ånde, skal love Herren, halleluja!” I denne strofen er det mye lyd, dans og bevegelse.

Jeg lurer på hvor det har blitt av festen og dansen i Den norske kirkes gudstjenestefeiring? Å ja, det mangler ikke på prosesjoner i høykirkelige miljøer, men akk så stivt og selvhøytidelig det ofte blir. Hvor er dansen, latteren, grooven, hvor er leken?

Livet er gitt oss av Gud. Da er det fint å få holde gudstjenester som gir rom for livsglede. Når små og store skal kle seg ut, settes drømmene og fantasien i sving. Leken



En bukkett av de som var med på gudstjenesta.

og fargene får slippe til. Jeg tror at det åpner opp for sider i oss som det er viktig å ta fram. Det kan være en god påminnelse om at det ikke er nødvendig å folde ansiktet når vi folder hendene.

Nå er det ikke alle som synes at det er naturlig å kle seg ut når de skal til gudstjeneste, og det er helt greit! Det skulle da og bare mangle om vi ikke skulle få lov til å være forskjellige!! Det er viktig at vi får være slik som vi synes at det er naturlig for oss. Og av de 44 – 45 gudstjenestene som holdes i pre-

stegjeldet vårt i løpet av et år, vil nok alle de andre gudstjenestene være slik som vi er vant til at de skal være. Men da synes jeg og at det er godt å ha én søndag hvor leken, fargene og fantasien kan få litt større spillerom.

Erik Blomstrøm



Boller og kirkesaft (med te og kaffe til de som vil ha det).

«Det mest overraskende ved å være biskop, er i grunnen selve opplevelsen; å erfare hvor stor betydning biskopen har for folk, har vært tankevekkende. Jeg er jo bare meg!»
Ingeborg Midttømme, biskop i Møre til Nytt i Uka.

Sammenslåing til ett sokn

Møre bispedømmeråd har gjort vedtak om at Valsøyfjord sokn og Halså sokn blir slått sammen fra 01.01.2010. Navnet på det nye soknet skal være Halså sokn. Ved valget i september blir det valgt ett sokneråd.



Operafantomet?



SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrjekontoret 71 65 70 60
 Telefaks 71 65 70 61
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund
 @surnadal.kommune.no
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



Fastemusikk i Øye kyrkje: Kammerkor og strykarar

Med kor, strykeorkester og orgel byr Øye kyrkje med eit vakker før-påskeprogram søndag 29. mars. Vi gler oss til musikk av Fauré, Mozart og Beethoven!

”Requiem” av franske Gabriel Fauré (1845-1924) er ei mild og vakker tonesetting av den klassiske sørgemessa – med meir vekt på trøyst og evig ro enn på dom og dødsangst. Kristiansund Kammerkor blir dirigert av Peder Rensvik og samarbeider med Alexander Robson (fiolin), Åshild Breie Nyhus (fiolin og bratsj), Anders Rensvik (bratsj), Ole Eirik Ree (cello), Marit Aspaas (cello), Rolf Baltzersen (kontrabass) og Tor Strand (orgel).

Orkesteret framfører også Mozarts flotte Bach-studie ”Adagio og Fuge i c-moll” og Beethovens ”Heiliger Dankgesang” frå Strykekvartett nr. 15. Denne ”Hellige Takkesang” er uttrykkeleg skriven i takk til Gud etter at komponisten vart frisk etter alvorleg sjukdom.

Konserten går også i Nordlandet kyrkje laurdag 28. mars og i Orkdal søndag 29. - før musikarane kjem til Surnadal. Eit fint program i tida før pasjon og påske!

Bernt Bøe



Stangvik palmesøndag: Vandring i tekst og tonar

Gudstenesta i Stangvik kyrkje palmesøndag kveld blir ei tankevandring gjennom ”den stille veka”. Karen Oddny og Sigfred Gravvold vil saman med sokneprest Venås og staben elles leie oss gjennom inntoget i Jerusalem via Getsemane og Golgata fram til underet påskemorgon. Solosong, allsong, lesing og refleksjonar skaper ei annleis gudstenesteoppleving av den særprega påsketida.



Sigfred og Karen Oddny leier vandringa i tekst og tonar frå palmesøndag til påskemorgon. Foto: Bernt Bøe.

Åsskard langfredag: Songmesse og kveldsmat

Tida rundt påske er rik på musikalske skattar. Langfredag kveld er Åsskard kyrkje for tredje år på rad arena for ei musikk-gudsteneste som samlar pasjon og påskejubel.

Sokneprest, forsamling, kor og instrument let både langfredagens alvor og påskedagens glede koma til sin rett i Påskesongmessa. Sentrale tekster bind saman salmar og klassisk musikk – som nettopp er laga til bruk i slik samanheng.

For fastbuande og feriefolk er Påskesongmessa eit tilbod om å få med seg ”heile”

påskebodskapen i ord og tonar. Og etterpå er det felles kveldsmat i kyrkjestua – for alle framømte!



Åsskard Kyrkjekor markerer pasjon og høgtid med Påskesongmessa langfredag kveld. Foto: Bernt Bøe.

Kristiansund Kammerkor syng Requiem av Fauré.

Bønekrukker

I løpet av våren vert det sett ut bønekrukker i kyrkjene. Saman med krukene er det bønelappar som ein kan skrive på, eit fat med stein (symboliserar bønner utan ord) og eit informasjonsskriv. Dette er ikkje anna enn fleire måtar å be på - bønnene blir ikkje lese høgt, men bede for i krukka ved altaret.



STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55
 Telefaks 71 66 47 01
 E-post kirkeverge:
 ingeborg.nordlund
 @rindal.kommune.no
 Bildet: Rindal kirke

Mange og djupe spor

Få har vel sett så mange og djupe spor etter seg i kultur- og kyrkjeliv som Bernt Bøe.

Kollega Tor Strand på Tingvoll seier at ingen har med små ressursar gjort så mykje på så mange felt her på Møre som Bernt Bøe, gjennom kyrkjemusikk, kor, museum, kulturarrangement og skrivning, «alt med like stor flid». Han kan omskriva Händel- og Bachsatsar for 3-delt kor med si nydelege noteskrift. Det er eit kjempearbeid som ikkje alle forstår!

Sjølv er Bernt mest opptatt av dei verdifulle spora som andre har sett føre oss, og korleis han kan ta vare på dei. Han tykkjer det er sørgeleg at vi ikkje er villige til å ta vare på dei gode spor, men at mange foraktar det som er bygd opp i strev og slit, t.d. på dei små nybrotsplassane. Det er spor som er viktigare enn nokon gong å ta vare på, det er å æra far og mor, seier Bernt, som sjølv set pris på alt som er godt og har gjennom sitt store og omfattande historiarbeid gjennom skrivning, revyar og Historielaget prøvd å ivareta dette og fylgja dei gode spor.

Han meiner vi også har ein kulturarv av enorm stor verdi å forvalte i kyrkjemusikken. Bernt Bøe er både opptatt av å ta vare på det som er skapt og å gi plass for å skapa noko nytt, noko som han i stor grad har bidratt med.

Han vil også framheva dåpsopplæringa som har fokusert på «Kyrkja mi». Det er så viktig å visa borna for ein verdi det er, ikkje berre å eiga eit kyrkjehus, men å høyra til eit fellesskap av nokon som har gått inn gjennom kyrkjeporten og ut igjen.

«Salmar ved Kompassen» er ein song som Bernt Bøe har laga over tankane til styrmannen under kompasset og stjernene. Sporet etter kjølen er borte, men kor gjekk sporet?

«Når vakta er til endes og skuta i hamn, så visest ikkje spora, men det er viktig at leia var rett, at det bar dit det skulle,» seier Bernt Bøe, som ikkje vil tala meir om sine egne spor.

Einy Rendal Elgsæther

Spilleglede i Rindal

Det var stor sang- og spilleglede hos de som hadde møtt fram på øvelse i Rindal ungdomsband JR tirsdag ettermiddag. Det er organist Endre Lorentzen som leder det nystartede ungdomsbandet i Rindal. De har plass for flere sangere og musikere, alle fra 5. årstrinn og oppover er velkommen! Kontakt Endre på mobil 905 60 616.

Synnøve Bjørndal



Klimautstilling

Fasteaksjonen i Surnadal starta med ei utstilling i Kulturhuset av bilete frå prosjekta for fasteaksjonen 2009 for Kirkens Nødhjelp. 40 000 bøsseberarar over heile landet vil vera i sving under aksjonen som ikkje berre er ein innsamlingsaksjon, men eit haldningsskapande arbeid for å forandre verda, spesielt for dei fattige i møte med klimaendringane.

Diakon Gry Netland-Ebbesen heldt ein kort appell ved opninga og det var vakker, innhaldssentrert song av Hans Olav og Gunnhild Settem med far Kristian på gitar.



Bernt Bøe set mange spor, men er mest opptatt av dei spora som andre har sett. Foto: ERE.

Rindal

Størst av alt

Tirsdag 21. april kl. 20 får vi høre om vegen videre i den lokale trosopplæringa. Det er temakveld på Rindal bedehus, ved Ingeborg Nordlund og Christfried Kaul. Servering.

17. mai i Rindal

En eller to gudstjenester? Følg med i avisene og på hjemmesider.

Avskjedsgudstjeneste

Søndag 7. juni har Magne Bjørndal sin siste gudstjeneste i Rindal. Alle er velkommen til kirkekaffe på Rindal bedehus etter gudstjenesten.

Surnadal

10. april kl. 19 – Langfredagsmøte for Normisjon på Kyrkjelydshuset ved Ivar Aae.

21. mai kl. 19 - Kristi Himmelfartsdag – Misjonsfest på Eidet bedehus for NLM og Normisjon

Klimaendringane er tema for utstillinga som sto på Kulturhuset på Skei. Gunnhild Settem deltok på opninga. Foto: ERE.

Unge spor

Einy Torvik er tilbake i Norge etter eit skuleår på New Zealand. Vi har fått ein prat med henne og nemner at tema for dette nummeret av Kyrkjebladet er "Spor".

– Eg trur alle menneske set spor etter seg, seier Einy. Nokon set tydelege spor som folk hugsar, for eksempel Martin Luther, Nelson Mandela eller han som tok dei første stega på månen. Dette er personar som har stukke seg ut og som har betydd mykje for andre, men dei er jo igjen påverka av nokon som har gått føre dei. Eg er sikker på at det er for eksempel mange kloke bestemødre som har påverka sine barnebarn rundt om i verda!

Er det nokon personar som har sett spor i ditt liv?

Mamma og Pappa – Dei har gjeve impulsar til korleis eg vil leve livet mitt. På Madagaskar og New Zealand har eg også hatt mange sterke opplevingar og møtt folk med erfaringar og i ulike livssituasjonar som har vist meg forskjellige ting i livet. På New Zealand møtte eg blant mange andre ei herleg jente. Heime hos henne var det ganske enkelt og dei levde sparsommeleg – dei spara regnvatn til huset og hadde lite i eit elles bra samfunn. Likevel var ho så positiv og glad. Standardspørsmålet hennar kvar dag var: Einy, korleis har du og Gud det i dag? Ein dag kunne eg svare at vi hadde det bra, ein annan dag at "i dag er det lite dialog", men uansett var det ein fin måte å starte ein samtale på!



Synes du det er vanskeleg å finne eit livs-spor?

Ja – det er vel vanskeleg for alle, eg ser ikkje alt så klart for meg. Men på grunn av trua veit eg at Gud kan bruke meg uansett kvar eg hamnar. Ting du opplever kan hjelpe deg til å finne ut av kva du vil med livet ditt – kva du vil bruke tid og krefter på. Når du held kontakten med Gud, kan han også snu det som ikkje har vore så bra til noko godt.

På spørsmål om korleis Einy ønskjer å setje spor etter seg, svarar ho: Det er vanskelig å seie, det er nok lettare å seie kva eg vil prøve å gjere og å vere i livet mitt. Eg kan gjerne tenkje meg å vere ein kø-brytar! – Det

er så mange som "står i kø" for å bli noko dei ikkje er eller skal vere. Skulle ønske at folk ikkje trur at dei må bli støpt i samme forma og gjere akkurat det samme. Det er plass til alle, uansett korleis ein er, på vegen saman med Jesus! Vi må ikkje stå i kø og bli kopiar av kvarandre, korleis kan vi då nytte alle dei forskjellige gåvene vi har i oss?!

Du går med eit kors på deg – Einy – og vi nærmar oss påske.

Einy blir still litt før ho svarar: Ja – korset gjev oss jo ei fantastisk ny mulighet. Eg synes påska har eit ganske klart budskap: Det at Jesus døydde

for meg og deg, gjev oss mulighet til å leve eit liv med Gud og komme til himmelen!

Petter Dahle

Økologiske fotavtrykk

Menneska har sett sine miljømessige spor her på jorda, spor som kan målast i forbruk av naturressursar og klimagassutslepp.

Etter FN's indeks for menneskeleg utvikling – som måler forventa levealder, utdanning og inntekt – ligg Mali mellom landa nederst på lista, medan Norge ligg aller øverst. Når ein måler det økologiske fotavtrykket, brukar Mali berre 0,4 globale hektar pr.innbyggjar, medan Norge brukar heile 7. Eit økologisk fotavtrykk vil seia menneskas forbruk av naturressursar i høve til jordas berekraft. Miljøorganisasjonen WWF har beregna at jorda har til disposisjon 2,1 globale hektar pr verdsborgar

Klimagassutslepp utgjer no over halvparten av menneskeslektas globale fotavtrykk. Mali har dermed framleis mykje å gå på når det gjeld utvikling, medan vi i Norge lever langt over jordas tolegrense.

Kjelde: Kirkeaktuelt, Kirkens informasjonstjeneste

Kyrkjeblad for Indre Nordmøre Utgjevar: SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther
6645 Todalen
☎ 71 66 02 81

E-post: einyre@gmail.com

REDAKSJONSSEKRETÆR:

Synnøve Bjørndal
E-post: synnove.bjorndal@
rindal.kommune.no

BLADPENGAR:

Frivillig kontingent
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre
Kontor Service A/S
Postboks 72
6630 Tingvoll
Bankgironr.: 4050 40 46232

SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as
☎ 71 66 50 80
E-post: post@vullumdesign.no
6657 Rindal

TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS
☎ 72 88 98 00
7075 Tiller